



Slik er det siste planframlegget for Eiklandet-prosjektet som kommunen og vegvesenet har sagt ja til.

Kommunen kan godta planen for bygging av åtte einbustader på Eiklandet slik den no ligg føre og Statens vegvesen har heller ikkje merknader til eit justert planframlegg. Men vegvesenet presiserar at det så langt berre er gjeve eit tilsegn og ikkje eit løyve og at kommunen ikkje skal gje byggeløyve før endeleg godkjent avkøyseløyve frå vegvesenet føreligg.

Prosjektet til Uskedalen Eigedomsutvikling går ut på å byggja åtte like bustader der det gamle trelastlageret låg. Selskapet søkte om utvida bruk av eksisterande avkøysle og dispensasjon for bustadene, men Vegvesen kom med innvendingar som kravde endringar av situasjonsplanen, Dei galdt først og fremst tilknyttinga til riksveg 48 som går like i overkant av prosjektet. Den justerte planen er no handsama både i forhandskonferanse i kommunen og av vegvesenet. Det må gjevast dispensasjon fordi det vanlegvis er eit krav at det må utarbeidast reguleringsplan ved fleire bueiningar enn seks.

Vegvesenet har sett ei rekkje krav som hnar med det trafikale å gjera. Det blir mellom anna presisert at avkøysla må opparbeidast i samsvar med dei prinsippsskisser som er vedlagt og vegdirektoratet sine regler om avkøysler. Avkøysla skal også kunne vere felles med eventuelle andre som på ein naturleg måte kan nytte same avkøysle.

Frisiktkravet til høyre og venstre vert sett til 4 x 85 meter. Dette inneber at alle sikthindringar (vegetasjon, terreng med meir) over ein halv meter i planet mellom avkøysla og riksvegen må fjernast. For denne avkøysla må sikta ordnast i retning Rosendal. Her må hekken fjernast.

Svingradiusen vert sett til seks meter. Det blir og understreka at stigningskrava må haldast. Her blir det gjort spesielt merksam på at avkøysla skal ha fall frå hovudvegen med fem centimeter på dei første to metrane. Det må leggjast snu- og parkeringsplas på eigen grunn og det er ikkje tillatt å parkere i frisiktsonene.

Når avkøyrsla er opparbeidd og godkjent etter krava, vert bruksløyve gjeve av vegvesenet.

Av Ola Matti Mathisen